



Sjøfartsdirektoratet
Postboks 2222
5509 HAUGESUND

Dato: 17.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/2-12

Vedkomande lukking av avvik og søknad om re-godkjenning

Hordaland fagskulestyre syner til dokumentasjon for lukking av avvik ved Austevoll maritime fagskule som vart sendt Sjøfartsdirektoratet den 23.09.2013, og søknad om re-godkjenning av sertifikat for Bergen maritime fagskule og Austevoll maritime fagskule sendt i juni 2013. Fagskulane og Hordaland fagskulestyre har per dags dato ikkje motteke svar på søknad og tilsvar på avvik. Hordaland fagskulestyre ber om at Sjøfartsdirektoratet gjer ei snarleg avgjerse i sakene, og ei formell attendemelding på når ein kan vente ei avgjerd.

Fylkestinget i Hordaland har vedteke ei omorganisering av Fagskolane i Hordaland, og det vert no arbeid med å implementere ny fagskulestruktur. Etter møtet med Sjøfartsdirektoratet 10. juni 2013 vart ein samde om å avventa formell samanslåing av Bergen maritime fagskule og Austevoll maritime fagskule til alle avvik ved Austevoll maritime fagskule var formelt lukka. Det er difor særskilt viktig at ein får lukka avvik, og at arbeidet med samanslåinga kan halda fram som planlagt. Det er også viktig for Hordaland fagskulestyre og fagskulane at ein har dei naudsynte sertifikatene og godkjenningane for maritim fagskuledrift.

Roald Stenseide
styreleiar, Hordaland fagskulestyre

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.